

Saksframlegg

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/1276-9

Økonomiplan 2019-2022

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2019-2022 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og -utgifter:

	2019	2020	2021	2022
Skatt på inntekt og formue	-637,200	-634,200	-631,200	-628,200
Statleg rammetilskot	-1673,338	-1599,263	-1601,385	-1621,585
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-53,920	-53,920	-53,920	-53,920
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-50,000	-50,000	-50,000	-50,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	120,931	135,334	157,314	188,814
Bruk/avsetting til fond	-17,924	-29,344	-52,857	-66,502
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2321,451	-2241,393	-2242,048	-2241,393

3. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2019	2020	2021	2022
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
Sum sektorrammer	2321,451	2241,393	2242,048	2241,393

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

4. Økonomiplanen 2019-2022 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
5. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2019-2022 er førebels fastsett slik:
2019: 1155,3 mill. kr,
2020: 1504,2 mill. kr,
2021: 1837,2 mill. kr,
2022: 1157,0 mill. kr.

Vedlegg:

1. Fylkesrådet for eldre – innspel til økonomiplan 2019–2022
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne – innspel til økonomiplan 2019–2022
3. Investerings-/finansieringsprogram for bygg
4. Investerings-/finansieringsprogram for fylkesvegar
5. Notat – Status byggeprosjekt
6. Notat – Nytt opplæringsfartøy

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. INNLEIING**1.1 Bakgrunn for saka**

I Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021, vedteken i FT-sak 59/17, heiter det mellom anna:

«På nyåret startar arbeidet med økonomiplan 2019-22 – der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga i fylkeskommunen. Det vil vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta overordna grep på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.».

Gjennom denne saka fremjar fylkesrådmannen si tilråding til rammer for åra 2019-22. Tilrådinga baserer seg på:

- Tidlegare politisk avklarte tilnærmingar presenterte gjennom arbeidsdokumenta 1-2/18.
- Kommuneproposisjon 2019
- Fylkesrådmannen sine tilrådingar i tertialrapport 1/18
- Fylkesrådmannen sine tilrådingar i sak om rekneskap 2017
- Fylkesrådmannen sine tilrådingar i sak om regional plan for klimaomstilling
- Fylkesrådmannen sine tilrådingar i sak om søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg.

Saksframlegget er delt inn i to hovuddelar, Del 1 - Driftsbudsjettet og Del 2 – investeringsbudsjettet. Avslutningsvis vert endringar i sentrale finansielle måltal presentert.

1.2 Rammer for økonomiplanen – eitendringsdokument

Økonomiplansaka er utforma som eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Det inneber at det berre er endringar i høve gjeldande budsjett/ økonomiplan som vert kommenterte.

Økonomiplanvedtaket no i juni har som føremål å vere retningsgjevande for arbeidet med budsjett 2019/neste økonomiplan.

Fylkesrådmannen legg gjennom vedtaket opp til at denne saksframstillinga får status som økonomiplan 2019-22. Det betyr at det ikkje vert utforma eit eige plandokument. Den tekstlege omtalen av økonomiplanen – utover dette saksførelegget – vert lagt fram for politisk handsaming som ein del av budsjett 2019/økonomiplan 2019-22 i desember 2018.

1.3 Fråsegner/innspel

Fylkesrådmannen har mottatt innspel knytt til økonomiplanen 2019-22 frå:

- Fylkesrådet for eldre
- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Innpela følgjer som vedlegg 1 og 2.

DEL 1 – DRIFTSBUDSJETTET

2. VURDERINGAR AV DRIFTSNIVÅET

Fylkesrådmannen har gjort ein gjennomgang av dei mange føresetnadane som ligg til grunn for budsjett 2018 i gjeldande økonomiplan. Gjennomgangen viser at det er grunnlag for å endre føresetnadane på fleire område. I tillegg vil framlegg til kommuneproposisjon, samt endringar som følgje av tilrådingar i tertialrapport 1/18, ha innverknad på dei økonomiske rammene. Ved å legge nye føresetnadar til grunn får vi på nokre område endring i utgiftsnivå og på andre område endring i føresette inntekter. Den samla økonomiske verknaden av endringane vert summert opp i pkt. 2.6.

2.1 Kommuneproposisjonen

15. mai kom framlegg til kommuneproposisjon for 2019. Denne skisserer det økonomiske opplegget kommunesektoren bør legge til grunn for sitt arbeid med budsjett 2019.

Skatt

I revidert nasjonalbudsjett 2018 er skatteinntektene for kommunesektoren nedjustert med samla 0,5 mrd. kr, herav 0,2 mrd. kr knytt til fylkeskommunane. Nedjusteringa skuldast at lønsveksten for 2018 er nedjustert frå 3,0% til 2,8%.

Fylkesrådmannen har også gjort ei ny vurdering av skatteanslaget basert på oppdaterte folketal pr. 31.12.18.

Ut frå dette er skatteanslaget no berekna til å utgjera 1,8 mill. kr i reduserte inntekter for vår fylkeskommune.

Frie inntekter

Inntektsveksten som er varsla i kommuneproposisjon 2019 er rekna frå det nye inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett 2018. Regjeringa presiserer at det er nivået på kommunesektoren sine inntekter i 2019 som vert fastsett. Det betyr at dersom inntektsnivået i 2018 skulle endre seg fram mot framlegg til statsbudsjett 2019 i oktober, er det storleiken på vekstprosenten som vert endra, ikkje inntektsnivået.

Veksten i dei frie inntektene til fylkeskommunen er sett til mellom -0,1 og 0,1 mrd. kr. Denne 0-veksten må sjåast i samanheng med at regjeringa legg til grunn at fylkeskommunane får ein nedgang i sine demografikostnader, jf. endringar i folketalssamansetninga. Det vert vist til at tal 16-19 åringar går ned i 2018/2019. Regjeringa viser vidare til at kommunesektoren sitt økonomiske handlingsrom også må sjåast i samanheng med kostnadar til pensjon.

Det er lagt til grunn at den delen skatteinntektene skal utgjere av samla inntekter for fylkeskommunane, framleis skal vere på 40 %. Dette medfører at skatteinntektene vert auka med 150 mill. kr, og rammetilskotet vert redusert tilsvarande. Ei nedjustering av rammetilskotet fører til at vi samla sett kjem dårlegare ut.

Utrekninga av utgiftsbehovet i rammetilskotet vert gjort på bakgrunn av kostnadsnøklar. Vekting av desse kostnadsnøklane innbyrdes, vert oppdatert årleg. For 2019 vert vektinga gjort på bakgrunn av rekneskapstala for åra 2015- 2017. Oppdatering av vektinga av kostnadsnøklane gjev oss ein liten reduksjon i rammetilskotet.

Dei to endringane som nemnt over gir oss om lag 1 mill. kr i redusert rammetilskot årleg. Vidare er det ikkje føreslått ei opptrapping av tapskompensasjonen for 2019 i kommuneproposisjonen.

I tertialrapport 1/18 vert rammetilskotet tilrådd auka med samla 0,8 mill.kr. Dette vert vidareført i økonomiplan 2019-22.

Vidareføring av endringane i tertialrapport 1/18, samt nye føresetnadar i kommuneproposisjonen gjev ein samla reduksjon i rammetilskotet på 0,2 mill. kr årleg.

Utgiftsutjamning

I kommuneproposisjonen vert det føreslege at samla utgiftsbehov for kommunar og fylkeskommunar, frå og med 2019, skal bereknast med grunnlag i konsernrekneskapstal. Tidlegare har det vore rekneskapstal frå fylkeskommunekassen som har lege til grunn. Dette vert grunngeve med at konsernrekneskapstal gjev eit meir korrekt bilete av verksemda.

Bruk av konserntal vil isolert sett gje eit lågare samla utgiftsbehov og eit lågare beløp til omfordeling enn ved bruk av fylkeskommunekassetal. Det betyr at kommunar med utgiftsbehov under landssnittet (lett drivne kommunar) vil bli trekt noko mindre i utgiftsutjamninga ved bruk av konserntal. Tilsvarende vil kommunar med utgiftsbehov over landssnittet (tung drivne kommunar) bli tilført noko mindre i utgiftsutjamninga.

Kommuneproposisjonen 2019 gjev ikkje nokon oversikt over kva utslag dette vil gje for den enkelte fylkeskommune. Men med bakgrunn i at Sogn og Fjordane fylkeskommunen er den nest mest tung drivne fylkeskommunen (etter Finnmark), er det grunn til å vere uroleg. For kommunane er det nemnt at dersom dette skulle gje større negative utslag for enkeltkommunar, vil dette bli fanga opp av inntektsgarantiordninga. Ei slik inntektsgarantiordning har ikkje fylkeskommunane.

Kostnadsnøkkel for båt og ferje

I statsbudsjettet for 2018 ligg ein ny kostnadsnøkkel for båt og ferje. Det var varsla at regjeringa i kommuneproposisjonen 2019 ville oppdatere ferje-kriteriet med omsyn til nyare trafikktal på sambanda.

Vegdirektoratet leverte forslag til ny standard 16.mars 2018 som er sendt på høyring hjå fylkeskommunane med svarfrist 25.mai 2018. For å gje fylkeskommunane tilstrekkeleg tid til å uttale seg om den oppdaterte standarden, har det ikkje vore mogleg å oppdatere ferjekriteria enno. Det vert difor foreslått å utsetje oppdateringa av kriteria til 2020. Oppdateringa vil då kunne sjåast i samanheng med dei øvrige endringane i inntektssystemet frå 2020 (nytt inntektssystem).

Nytt inntektssystem frå 2020

Som tidlegare varsla må inntektssystemet tilpassast endringane i fylkesinndelinga og nye oppgåver frå 2020. Departementet vil presentere eit forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane i kommuneproposisjonen for 2020 (mai 2019). Det vert lagt opp til at fylkeskommunane og andre berørte partar skal få høve til å komme med innspel i løpet av prosessen. Det er førebels uklårt om det vert lagt opp til meir aktiv medverknad i form av t.d. ei høyring.

Anmodningsvedtak frå Stortinget

Stortinget har gjort to anmodningsvedtak som regjeringa må følgje opp. Det eine er knytt til ferjeavløysingsordninga, og i kommuneproposisjonen vert det ikkje tilrådd nokon endring i denne. Det andre anmodningsvedtaket er knytt til kompensasjon etter naturskadar for fylkeskommunane. Dette har regjeringa enno ikkje svart på.

2.2 Kapitalinntekter og -utgifter

Renteinntekter/rentekompensasjon

Renteinntektene er oppdatert med nye renteføresetnader i høve gjeldande økonomiplan. Renteføresetnadane er basert på marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor pluss ein forventa margin. Det er lagt til grunn 600 mill. kr årleg i snittlikviditet. I tråd med gjeldande økonomiplan vert overskytande renteinntekter avsett på bufferfond og skal nyttast til investeringsføremål.

I revidert nasjonalbudsjett legg regjeringa opp til å auke satsen knytt til rentekompensasjon for transporttiltak, frå 1 % til 1,5 %. Fylkesrådmannen legg til grunn denne rentesatsen for berekning av rentekompensasjon i økonomiplanen. Dette medfører ein auke i føresetnt rente på 0,5 %-poeng for åra 2019-22.

Økonomiske konsekvensar i økonomiplanen som følgje av dette vert vist i tabellen nedanfor.

	2019	2020	2021	2022
Endring prognose for renteinntekter	-0,8	-1,0	1,0	2,5
Endring prognose for rentekompensasjon fylkesveg	4,4	4,2	3,9	2,9
Sum auke i renteinntekter/-kompensasjon i høve vedteken øk. plan	3,6	3,2	4,9	5,4

Kapitalutgifter

Dei årlege kapitalkostnadane i økonomiplanen vert påverka av endringane i investeringsprogrammet, tilhøyrande låneopptak, samt endringar i renteføresetnadane. Vi har gjort ei oppdatering av renteføresetnadane for den langsiktige gjelda, basert på følgjande komponentar:

- Marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor i perioden
- Våre fastrenter/rentesikringar
- Forventningar om marginar på eksisterande lån og planlagde låneopptak.

Den årlege rentesatsen er såleis eit snitt av kva vi må betale i renter på låna våre inkl. rentesikringar. Dei økonomiske konsekvensane i økonomiplanen som følgje av dette vert vist i tabellen nedanfor.

	2019	2020	2021	2022
Kapitalutgifter, jf. gjeldande øk. plan	143,4	163,8	190,9	231,0
Kapitalutgifter, etter nye føresetnader	146,3	161,6	186,5	218,5
Sum endring i høve vedteken øk. plan	2,9	-2,2	-4,4	-12,5

Renteutgiftene har auka noko og skuldast at marknaden forventar ei høgare rente framover. Like-vel viser prognosen reduserte kapitalutgifter utover i økonomiplanperioden. Dette skuldast i hovudssak at det er nytta ein snittfaktor for bygg- og veginvesteringar ved berekning av kapital-utgifter for dei prosjekta som vart lagt inn i slutthandsaming av regional transportplan og budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Desse prosjekta vert no rekna med 40 års avdragstid for veg-investeringar og 20 år for bygginvesteringar. Då det stort sett er kapitalutgifter for veg-investeringar som er rekna med snittfaktoren, får dette utslag ved denne oppdateringa, i form av lægre avdrag og såleis reduserte kapitalutgifter.

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at om lag 190 mill. kr av nytt låneopptak i 2022 er knytt til investeringar i nye prosjekt på bygg, og det er lagt inn tilhøyrande kapitalutgifter. Kapitalutgiftene til dette låneopptaket er føresett finansiert av m.a. reduserte driftsutgifter og sal av eksisterande bygg. Dei reduserte utgiftene er førebels ikkje lagt inn i økonomiplanen då vi p.t ikkje har oversikt over tidspunktet for når innsparingane/inntektene kjem. Dette vert å kome attende til når fram-drifta for prosjekta er meir kjende.

2.3 Lokale inntekter

Nivået på lokale inntekter til driftsføremål er fastsett til 40 mill. kr/år i planperioden. Avvik i høve dette nivået vert justert mot bufferfondet. Som lokale inntekter reknar vi sal av konsesjonskraft og utbytte frå selskap.

Konsesjonskraft

Fylkesrådmannen sin rapport om konsesjonskraftomsetjinga pr. 30.04.18, jf. tertialrapport 1/18, syner eit prisbilette framover som er vesentleg betre med omsyn til inntekter på sal av denne krafta

Ny prognose for åra 2019-2022 byggjer på oppnådd pris på allereie sikra volum, samt marknadsprisar og valutaprisar pr. 30.04.18 for den delen av porteføljen som ligg i spotmarknaden. Endringar i prognosen i høve gjeldande økonomiplan er vist i tabellen nedanfor.

	2019	2020	2021	2022
Økonomiplan 2019-2022	30,0	32,5	35,0	35,0
Ny prognose T1/18	52,0	48,0	50,0	52,0
Sum endring i høve vedteken øk.plan	22,0	15,5	15,0	17,0

Dei nye prognosane samt endring i bruk/avsetjing av bufferfond, jf. 40 mill. kr til driftsføremål, vert å innarbeide i økonomiplanen. Vurdering av årleg bruk av lokale inntekter i drifta vert vurdert i sluttsalderinga, jf. pkt. 2.6.

Utbytte

I samband med at fylkeskommunen i 2017 overdrog SFE-aksjane til Sogn og Fjordane Holding (SFH AS) vert det ei forskyving i utbytte frå SFE med eitt år. Det betyr i praksis at venta utbytte i 2018 først kjem fylkeskommunen i hende i 2019.

Styret i SFE, som handsama årsrekneskapan for 2017 den 22. mars 2018, tilrår eit utbytte til eigarane på om lag 63 mill. kr. Dette er basert på eit utbytte på 50% av resultatet. Som største eigar vil utbyttet til fylkeskommunen (49,56%), gjennom selskapet SFH AS, vere på om lag 31 mill. kr. Våre prognosar er basert på eit utbytte på 70% av resultatet, slik at vi for 2019 må redusere utbytteforventinga med 4 mill. kr. I tråd med gjeldande budsjettføresetnader er utbytte i sin heilheit avsett til bufferfondet og har såleis ikkje innverknad på driftsrammene.

2.4 Innspel frå hovudutvala

Auka ramme til samferdslesektoren

Hovudutval for samferdsle (HS) har i sitt budsjettinnspel til finansutvalet (HS-sak 15/18) meldt inn behov for rammeauke på 9 mill. kr i 2019 og på 77 mill. kr for åra 2020-2022. Auken er fordelt med 9 mill. kr til kollektiv (auka kostnadar bussanbod) og 68 mill. kr til fylkesveg (tunnel-rehabiliteringa). Vidare har HS peika på at ev. bestilling av nullutsleppsteknologi kan føre til ein stor auke i kostnadar framover.

Når det gjeld auken i kostnadar på kollektivområdet er dette knytt til avtalt indeksregulering av kontraktar. Det har vore arbeidd med å finne ut om det er grunnlag for å endre reguleringsmekanismen i kontrakten og det er forhandla med operatør. Dette har ikkje ført fram.

Tidlegare har kontraktsendringar på kollektivområdet blitt saldert mot ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I regional transportplan er det uttalt at den årlege ramma til drift og vedlikehald ikkje er tilstrekkeleg til at plan for tunnelrehabilitering vert gjennomført som planlagt samt hindre auka forfall på vegnettet. Viss ramma no vert ytterlegare redusert som følgje av auka kollektivkostnadar, vert den økonomiske utfordringa på området tilsvarande større. Fylkesrådmannen meiner dette ikkje er nokon god løysing, og vil tilrå at ramma til samferdsle vert auka årleg med 9 mill. kr.

Når det gjeld dei økonomiske utfordringane knytt til tunnelrehabiliteringsplanen frå 2020, er denne så stor at vi ikkje har økonomisk handlingsrom i økonomiplanen til å auke løyvinga. Denne problemstillinga må såleis løftast inn i økonomiplanarbeidet for det nye fylket.

Auka ramme til opplæringssektoren

Hovudutval for opplæring (HO) har i sitt budsjettinnspel til finansutvalet (HO-sak 12/18) meldt inn behov for rammeauke. Finansutvalet vedtok i samband med dette at fylkesrådmannen skulle kome attende med ei løysing som sikrar fullføring for dei som tek yrkesfagutdanning. Dette er det teke omsyn til i denne saka.

I samband med justerte føresetnader for budsjett 2018, jf. tertialrapport 1/18, har fylkesrådmannen samstundes teke ei ny vurdering av føresetnadane for økonomiplan 2019-2022.

Tabellen under viser konsekvensen for 2019-22 som følgje av tilrådde endringar i tertialrapport 1/18:

Teneste	2019	2020	2021	2022
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
5151 Fellesutgifter	2,5			
5210 Utdanningsprogramma	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
5202 Gjesteelevar	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7
5700 Opplæring i bedrift	9,2	9,2	9,2	9,2
5702 Fagprøver	1,7	1,7	1,7	1,7
Netto behov etter vidareføring av endringar i T1/18	9,7	7,2	7,2	7,2

For nærare omtale av endringane vert det vist til tertialrapporten. Som tabellen viser vert dei fleste tilrådde endringane for budsjett 2018 vidareført i økonomiplan 2019-2022.

Nedanfor følgjer omtale av endringar som er spesifikke for økonomiplan 2019-2022.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Behovet for midlar til omstillingstiltak for pedagogisk personale ser ut til å vere lågare i 2019 enn i 2018. Fylkesrådmannen tilrår difor at løyvinga vert redusert med 2,5 mill. kr i 2019. Etter fylkesrådmannen si vurdering kan ikkje reduksjonen vidareførast, då løyvinga til føremålet frå 2020 er budsjettert ut frå eit minimumsnivå på om lag 4 mill. kr årleg.

Ufordelt innsparingskrav

I gjeldande økonomiplan er det frå 2020 budsjettert med eit ufordelt innsparingskrav på 2,5 mill. kr. Det er p.t. ikkje utgreidd særskilte tiltak for å møte dette innsparingskravet og fylkesrådmannen meiner dette må sjåast i samanheng med den samla tilpassinga til sektorramma. I HO-sak 12/18 vart det ufordelte innsparingskravet ved ein feil lagt inn i tabellen frå 2019.

Tilrådd saldering innanfor opplæringssektoren

Buffer for anslagsløyvingane vart oppretta for å oppretthalde ein viss fleksibilitet i dei årlege budsjetta, og skal nyttast om det oppstår uføresette utgifter knytt til ein eller fleire av anslagsløyvingane. Med bakgrunn i dette, samt at rekneskapsresultatet til opplæringssektoren over fleire år har vist eit mindreforbruk, tilrår fylkesrådmannen at avsett buffer i økonomiplanperioden vert nytta til å saldere budsjettet for sektoren.

Tilrådde endringar vert oppsummert i tabellen under:

Teneste	2019	2020	2021	2022
Konsekvensar av tertialrapport 1/18	9,7	7,2	7,2	7,2
5201 Pedagogiske fellesutgifter	-2,5			
Ufordelt innsparingskrav		2,5	2,5	2,5
Avsett buffer på sektoren	-3,0	-3,0	-3,0	-3,0
Netto styrking av ramma	4,2	6,7	6,7	6,7

I høve HO-sak 12/18 er den økonomiske utfordringa på sektoren redusert frå 13,9 mill. kr til 4,2 mill. kr i 2019 og frå 12,4 mill. kr til 6,7 mill. kr for åra 2020-2022. Fylkesrådmannen ser ikkje at denne ubalansen kan løysast innanfor sektorramma, og opplæringssektoren vert som følgje av dette styrka med 4,2 mill. kr i 2019 og med 6,7 mill. kr årleg frå 2020.

2.5 Nye saker

Nedanfor følgjer ein kort omtale av nye saker som har økonomiske konsekvensar i økonomiplanperioden.

Styrking av tilskotsordning – Klima og miljø

I sak om regional plan for klimaomstilling, som går parallelt med denne saka, er det ein intensjon om å styrke tilskotsordninga innan klima og miljø med 2 mill. kr i 2019. Dette er lagt inn i økonomiplanen

Nytt opplæringsfartøy

Det vert vist til notat om nytt opplæringsfartøy, jf. vedlegg 6, samt pkt. 3.2.

Alle driftskonsekvensar for fylkeskommunen i høve det prosjekterte opplæringsfartøyet er enno ikkje ferdig utgreidde. Det er såleis for tidleg å justere ramma til opplæringssektoren i høve dette.

Kapitalkostnaden knytt til ei investering på 100 mill. kr, med utgangspunkt i tilrådd finansieringsplan, er berekna til å bli om lag 2,5 mill. kr. Kapitalkostnaden samt tilrådd inndecking vert innarbeidd i økonomiplanen.

Administrasjon - auka utgifter knytt til regionreforma

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla at samanslåingsprosessen med Hordaland fylkeskommune vil medføre auka kostnader på administrativ side. Det er enno for tidleg å sei noko om kor mykje ekstra ressursar det vi vere behov for.

Fylkesrådmannen vil tilrå å omdisponerer ledige fondsmidlar, balansekonto 25199910, på 4,2 mill. kr til dette føremålet. Midlane har vore øyremarka tidlegare omstillingsprosessar som fylkeskommunen har vore igjennom, men ikkje nytta fullt ut då. Det er såleis ingen binding eller krav om attendebetaling på desse midlane. Då samanslåingsprosessen er ein ny omstillingsprosess, vil

fylkesrådmannen tilrå at budsjettet til programområde 420 Administrasjon vert styrka med 4,2 mill. kr i 2019, med ein tilsvarande bruk av bunde fond.

Fylkesvise mobbeombod

I FT-sak 4/18 vart det løyvd 0,25 mill. kr i 2018 til etablering av mobbeombod i Sogn og Fjordane. Heilårsverknaden er 0,5 mill. kr årleg, og budsjettet til opplæring er auka tilsvarande i 2019.

Regionale utviklingsmidlar

I tertialrapport 1/18 tilrå fylkesrådmannen å redusere ramma til KMD-midlar etter at endeleg fordeling for 2018 er kjend. Fylkesrådmannen legg opp til å vidareføre denne reduksjonen i økonomiplanen. Bruken av KMD-midlar er budsjettert fullt ut på ramma til næring og kultur, og fylkesrådmannen legg opp til at sektorramma vert redusert tilsvarande.

2.6 Økonomisk handlingsrom

Tabellen under syner det økonomiske handlingsrommet etter at dei økonomiske konsekvensane av pkt. 2.1-2.5 er innarbeidde. Tabellen tek utgangspunkt i salderingsutfordringa i a-dok. 2/18.

	2019	2020	2021	2022
Ubalanse etter a.dok 2	3,7	27,0	54,5	76,7
Vurderingar i saksframlegg øk.plan 2019-22:				
<u>Kommuneproposisjonen:</u>				
Redusert skatteanslag	1,8	1,8	1,8	1,8
Redusert rammetilskot	0,2	0,2	0,2	0,2
<u>Fellesinntekter/-utgifter</u>				
Konsesjonskraft - auka inntekter - ny prognose	-22,0	-15,5	-15,0	-17,0
Utbytte - redusert utbytte frå SF-Holding i 2019	4,0			
Avsetting til bufferfond - 40 mill. kr til driftsføremål	18,0	15,5	15,0	17,0
Renteinntekter - auka inntekter etter nye renteføresetnader	0,8	1,0	-1,0	-2,5
Rentekompensasjon fylkesvegar - ny prognose etter RNB 18	-4,4	-4,2	-3,9	-2,9
Kapitalutgifter - ny prognose	0,4	-4,7	-6,9	-15,0
Nytt opplæringsfartøy - auka kapitalkostnader	2,5	2,5	2,5	2,5
Nytt opplæringsfartøy - auka inntekter - MAREKO/Havbruksfondet	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
<u>Verknadar av T 1/18</u>				
Opplæring - redusert løyving T 5150, endring i prognose	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
Opplæring- auka løyving T 5151 - Visma in School	2,5			
Opplæring - redusert løyving T 5210 gratis læremiddel	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Opplæring - redusert løyving T 5202 gjesteelevar	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7
Opplæring - auka løyving til T 5700 opplæring i bedrift	9,2	9,2	9,2	9,2
Opplæring - auka løyving til T 5702 fagprøver	1,7	1,7	1,7	1,7
Opplæring - auka løyving - mobbeombod i 2019	0,5			
<u>Nye rammejusteringar</u>				
Samferdsle - auka ramme knytt til kontraktar på kollektivområdet	9,0	9,0	9,0	9,0
Opplæring - redusert løyving - omstillingsmidlar	-2,5			
Opplæring - reversering av ufordelt innsparingskrav frå 2020		2,5	2,5	2,5
Opplæring - redusert løyving - avsett buffer på sektoren	-3,0	-3,0	-3,0	-3,0
Plan - auka løyving til klimaomstilling	2,0			
Auka løyving til P.omr 420 - Administrasjon	4,2			
Bruk av bunde fond	-4,2			
KMD-midlar - redusert ramme i 2018- vidareført	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
KMD-midlar - reduksjon i ramme næring og kultur	0,2	0,2	0,2	0,2
Handlingsrom før iverksetjing av tiltak	18,2	36,8	60,4	74,0

Dei økonomiske utfordringane knytt til salderinga kjem av at vi legg opp til eit høgt investerings-nivå framover, samt at både samferdsle og opplæring har fått auka sine driftsbudsjett monaleg pga. av føresett kostnadsauke. Fylkesrådmannen ser at dette økonomiske opplegget gjer det utfordrande å få budsjetta i balanse, og meiner at det utifrå dagens økonomiske situasjon ikkje kan prioriterast løyvingar til andre føremål utan at andre budsjettpostar vert reduserte.

Fylkesrådmannen vil minne om at det er uvisse knytt til tapskompensasjon for 2019. Det ligg inne forventning på auka tapskompensasjon på 12,6 mill. kr årleg frå 2019. Vi må truleg arbeide hardt for å få aksept for denne.

Salderingstiltak

Dei nye prognosane for konsesjonskraft syner at det er mogleg å heve taket på lokale inntekter i drift frå 40 til 50 mill. kr årleg i 2019-22. Sjølv om desse inntektene er usikre, og då særleg i siste del av perioden, vert dette tilrådd som eit tiltak for å møte den utfordrande salderingssituasjonen. Utover dette ser ikkje fylkesrådmannen andre salderingstiltak av langsiktig karakter enn å redusere utgiftsnivået.

Sjølv om vi aukar bruken av lokale inntekter, står vi førebels att med eit underskot på om lag 8 mill. kr i 2019. Økonomiplanarbeidet har fokus på 2019, og det må arbeidast vidare fram mot endeleg vedtak i desember med å løyse denne utfordringa. Førebels er underskotet løyst ved bruk av fond.

For åra 2020-22 er underskotet aukande frå 26,8 mill. kr i 2020 til 64 mill. kr i 2022. Dei økonomiske prioriteringane for desse åra vil bli ein del av budsjettarbeidet i den nye fylkeskommunen. Med aukande utgifter både på opplæring og samferdsle ville eit naudsynt tiltak på lenger sikt vere å gjennomføre nye innsparingstiltak - viss vi skulle halde fram som eigen fylkeskommune. Sluttsalderinga er no løyst ved bruk av bufferfondet. Bufferfondet har etter dette om lag 100 mill. kr til disposisjon i 2019. Fylkesrådmannen vil tilrå å reservere dette beløpet til ev. økonomiske utfordringar på investeringsbudsjettet.

Dette medfører ei slik sluttsaldering av økonomiplan 2019-22:

	2019	2020	2021	2022
Handlingsrom før iverksetjing av tiltak	18,2	36,8	60,4	74,0
<u>Salderingstiltak</u>				
Heve "tak" - bruk av lokale inntekter i drift frå 40 til 50 mill. kr	-10,0	-10,0	-10,0	-10,0
Sluttsaldering ved bruk av fond	-8,2	-26,8	-50,4	-64,0
Sluttsaldering av økonomiplan 2019-22	0,0	0,0	0,0	0,0

DEL 2 – INVESTERINGSBUDSJETTET

3. VURDERINGAR AV INVESTERINGSBUDSJETTA FOR BYGG OG FYLKESVEGAR

I fjorårets økonomiplanprosess vart mykje av merksemda retta mot investeringsbudsjettet og prioritering av investeringsprosjekt. Dette gjaldt både bygg- og veginvesteringar. Gjeldande økonomiplan er difor ein ambisiøs økonomiplan med mange vedtekne prosjekt med ulik framdrift. Nokre av prosjekta er komne så langt at dei er ein del av investeringsprogramma, medan andre er under planlegging.

Utgangspunktet for investeringsbudsjettet er rammene i gjeldande økonomiplan for åra 2019-2021. Vidare rullerte finansutvalet investeringsrammene for 2022 ved handsaming av arbeids-dokument 1/18.

Detaljert oversikt over samla investerings- og finansieringsprogram for bygg og fylkesvegar vert presentert i vedlegg 3 og 4.

Nedanfor følgjer ein omtale av endringar i investeringsprogrammet.

3.1 Tilrådde endringar i tertialrapport 1/18

I tertialrapport 1/18, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar/ forskyvingar som vil påverke investeringsprogrammet for seinare år. Dette gjeld følgjande prosjekt:

Investeringar på fylkesveg

- Fv. 698 Blaksettunnelen
- Førdepakken
- Fv. 722 Flovegen

Investeringar på bygg

- «Miljøprosjekt» - ufordelt
- Den ufordelte løyvinga til nye prosjekt

For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Endringane knytt til desse prosjekta vert det teke omsyn til i det vidare arbeidet med investeringsplanen.

3.2 Investeringsprogram for bygg

Utover dei endringane som følgjer av tertialrapporten, vil fylkesrådmannen tilrå at det vert gjort endringar i investeringsprogrammet på følgjande prosjekt:

Eid vgs – tilbygg

Fylkesrådmannen tilrår at kostnadsramma for tilbygget på Eid vgs vert auka med 1,5 mill. kr i 2019. Samla kostnadsramme for prosjektet vert då på 8,5 mill. kr Dette er på bakgrunn av at grunnarbeidet har vore vesentleg meir utfordrande enn rekna med. Leigeavtalen med Eid kommune er signert og står fast. Resultatet av dette er at fylkeskommunen må dekke noko av investeringa sjølv, noko som ikkje var føresett.

Tiltak for syklende og gåande

Fylkesrådmannen legg opp til å auke investeringsbudsjettet med 10 mill. kr årleg til tiltak for gåande og syklende. Tiltaket har vore på investeringsbudsjettet for fylkesvegar, men det viser seg at mange av tiltaka som er peika på i gå- og sykkelstrategien gjeld anlegg som ikkje er eigd av fylkeskommunen. Difor legg fylkesrådmannen opp til å nytte desse midlane på våre eigedommar, med tilrettelegging på dei vidaregåande skulane i fylket. Det årlege beløpet må justerast i tråd med behovet.

Ufordelt til nye prosjekt

Den årlege potten som er avsett til nye prosjekt vert justert som følgje av oppdatert framdrift. Det er etter justeringa lagt opp til å nytte 992 mill. kr til nye prosjekt i åra 2019-22. For nærare informasjon om status på dei nye prosjekta vert det vist til notat i vedlegg 5.

Nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs.

Det er lagt inn ei løyving til nytt opplæringsfartøy i 2019 på 100 mill. kr ekskl. mva. Det er førebels lagt til grunn at fylkeskommunen kjøper/byggjer båten sjølv og vert eigar av denne. Ved å eige båten sjølv, vert det føresett at vi får kompensert meirverdiavgifta knytt til investeringa.

Fylkesrådmannen legg opp til ei eiga sak til fylkestinget til hausten om nytt opplæringsfartøy som m.a. vil omtale:

- Tilråding av type båt/teknologi
- Vurderingar kring eigarskapen av nytt opplæringsfartøy
- Årlege driftskostnader
- Medfinansiering frå fiskerinæringa og andre samarbeidspartar.

Fylkesrådmannen har enno ikkje svar på alle problemstillingane knytt til nytt opplæringsfartøy, men vil i denne omgang vise til vedlagte notat om nytt opplæringsfartøy, jf. vedlegg 6. Vidare vil styreleiar i Opplæringsfartøy AS orientere om status på prosjektet på politikardagen 30.05.18.

Løyvinga på 100 mill. kr er ikkje finansiert. Fylkesrådmannen vil her tilrå same finansieringsmodell som i arbeidsdokument 2/18 til finansutvalet:

- Rekneskapsoverskotet frå 2017 på om lag 45 mill. kr vert «øyremerka» føremålet
- Unyttå lån frå tidlegare år på om lag 25 mill. kr
- Nytt låneopptak på om lag 30 mill. kr.

Dei økonomiske konsekvensane i driftsbudsjettet er med denne finansieringsmodellen berekna til å bli om lag 2,5 mill. kr årleg. Fylkesrådmannen meiner denne driftsutfordringa kan dekkast inn ved å nytte dei tildelte 30% av inntektene til Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO),

samt inntekter fylkeskommunen måtte få frå Havbruksfondet. Havbruksfondet vart oppretta i 2016, det er administrert av Fiskeridirektoratet, og det er ingen bindingar på korleis fylkeskommunen skal bruke inntektene frå fondet. Dei årlege inntektene frå desse fonda er usikre, men utifrå dagens prognosar vil samla bidrag frå desse to inntektskjeldene kunne utgjere meir enn 2,5 mill. kr per år.

3.3 Investeringsprogram for fylkesveg

Utover dei endringane som følgjer av tertialrapporten vil fylkesrådmannen tilrå at det vert gjort endringar i investeringsprogrammet på følgjande prosjekt:

Store prosjekt:

- Førdepakken: Oppdaterte prognosar for prosjektet er lagt inn i investeringsprogrammet.
- Fv. 614 Svelgen – Indrehus: Det er lagt inn løyving i 2022. Kostnadsoverslaget på 691 mill. kr bygger på tal frå RTP 2014-17 og svært usikkert. Arbeid med reguleringsplan vert starta opp i 2018 og fylkesrådmannen vil kome tilbake med nye kostnadstal når dette føreligg.

Mindre utbetringar:

- Fv. 577 Øvrebotn bru I og II (Bremanger): Prosjektet har auka totalprognosen med 5 mill. kr i 2019.
- Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai): Prosjektet har auka totalprognosen med 2 mill. kr i 2019.

Gang og sykkelveg:

- Enkle fysiske tiltak: Løyvinga på 10,5 mill. kr i 2019-2020 og 8,5 mill. kr i 2021 er teke ut av investeringsprogrammet for fylkesveg, jf. pkt. 3.2.

Skredsikring:

- Fv. 55 Kjenes: Det er førebels lagt inn ei løyving på 166 mill. kr i 2022 ut frå kostnadstal i kommunedelplanen. Arbeid med reguleringsplan vil bli starta opp i 2018. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med nærmare vurdering av løyvingens behovet.

Fylkesrådmannen har utover dette nokre kommentarar på enkelte prosjekt i investeringsprogrammet:

Mindre utbetringar:

- Fv. 611 Vevring II – bru: Brua vart utbetra i januar 2018. Med denne utbetringa er det ikkje kritisk med ny bru i høve gitt klassifisering. Fylkesrådmannen vil gjere ei ny vurdering av prosjektet i lys av dette og kjem tilbake til dette. Løyvinga er førebels ikkje endra i investeringsprogrammet.
- Fv. 57 Dale-Storehaug: Kommunane Fjaler og Gaular ønskjer løyvinga på 60 mill. kr som delfinansiering av eit bompengeprojekt på strekinga. Fylkesrådmannen har så langt ikkje gjort endringar i investeringsprogrammet som følgje av dette. Fylkesrådmannen kjem tilbake til dette ved eit seinare høve.

Gang og sykkelveg:

- Fv. 607 Heggebø – Leirvik (Hyllestad): I investeringsprogrammet er det ei løyving på 15 mill. kr til prosjektet i 2019. Statens vegvesen melder om førebels kostnadsoverslag på 34,5 mill. kr på prosjektet. Dersom dette kostnadsoverslaget vert ståande, meiner fylkesrådmannen at prioritering av prosjektet må vurderast på nytt.

Skredsikring:

- Fv. 53 Ljoteli: Det er lagt inn løyving på 45 mill. kr i 2022 ut frå kostnadstal i forprosjektet. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med oppdatert anslag for prosjektet vil i løpet av 2018.

Ferjeavløysing:

- Ytre Steinsund bru: Det er så langt ikkje kome svar frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet når det gjeld søknaden om ferjeavløysingsmidlar.
- Atløysambandet: Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i brev, datert 4. mai 2018, kome med eit overslag på ferjeavløysingsmidlar med utgangspunkt i inntektsystemet og kriteriedata for 2018. Fylkesrådmannen viser i samband med dette til eige notat til fylkesutvalet 31. mai 2018.

4. FINANSIELLE NØKKELTAL

I forslaget til ny kommunelov vert det føreslege å lovfeste at kommunar/fylkeskommunar skal fastsetje finansielle måltal som rettesnor for budsjett-/økonomiplanarbeidet. Det vert lagt til grunn at lova, for økonomiforvaltninga, skal tre i kraft frå 01.01.2020.

I budsjett for 2018/økonomiplan 2018–2021 vart følgjande finansielle måltal presentert:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Rente- og avdragsbelastning.

Dei finansielle måltala viste utviklinga i perioden 2010-2021. Som referanse til våre nøkkeltal vart det lagt til grunn ulike normtal. Normtala seier noko om kva nivå nøkkeltala bør ligge på for å vere på eit «sunt» nivå. Normtala er utvikla av bl.a. KMD, Riksrevisjonen og Telemarkforskning.

Fylkesrådmannen meiner dei etablerte måltala reflekterer fylkeskommunen sin økonomi, og tilrår at desse måltala vert vidareført i komande budsjett/økonomiplanar.

Dei finansielle måltala syner at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein sunn økonomi i 2018, men med ein negativ utvikling utover i økonomiplanperioden. Dette skuldast i hovudsak store investeringar i åra framover. Som ein konsekvens av dette aukar lånegjelda, sett i høve driftsinntektene, frå å vera på om lag tilrådd maksnivå (75%) til 110,4% i 2022. I same tidsrom vert samla disposisjonsfond sett i høve driftsinntektene redusert frå om lag 23% i 2018 til om lag 10% i 2022.

Den auka lånegjelda medfører at vi i dei komande åra pådreg oss ei auka rente- og avdragsbelastning. Økonomiplanarbeidet 2019-22 har hovudfokus på 2019, då vi frå 2020 vert ein ny fylkeskommune. Den nye fylkeskommunen vil få nye føresetnader slik at utviklinga i nøkkeltala frå 2020 ikkje er kjende per no. Men det er likevel viktig å nemne at den aukande rente- og avdragsbelastninga er medverkande til at økonomiplanen 2019-22 er sluttsaldert med bruk av fond. Ei slik sluttsaldering er ikkje berekraftig og kan ikkje nyttast over tid.